



# DEN NORSKE KYRKJA

## Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd

Kyrkjevegen 6  
6856 SOGNDAL  
Tlf: 57679985  
post@sogndal.kyrkja.no

post.kirkeradet@kirken.no

Sogndal 30.04.2015  
Vår sakshandsamar: JMHE  
Vår ref.: 12/00084-009  
Arkivkode: 011

### Høyringa - Vegval for framtidig kyrkjeordning

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd valde ei gruppe som saman skulle sjå nærmare på høyringa. I gruppa sat kommunal representant i fellestrådet frå Sogndal kommune Laura Kvamme, prost Kjetil Netland og kyrkjeverje Jorunn Merete Haukås-Eide.

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd fekk deira framlegg til høyringssvar framlagt på møte 28.04.15 og fatta fylgjande vedtak i saka:

#### Sak 009/15 Høyringssvar - ny kyrkjeordning

##### *Vedtak:*

Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd støttar framlegget til høyringssvar frå den nedsette høyringsgruppa på høyringa «Vegval for framtidig kyrkjeordning».

Rett utskrift av møtebok: JMHE

#### Høyringssvar på høyringa «Veivalg for framtidig kirkeordning».

I høyringsdokumentet er det mellom anna utarbeida ein visjon for kyrkjeordninga. Denne legg fellestrådet til grunn for sine vurderingar i høyrings spørsmål.

Visjon for kyrkjeordninga (side 9 i høyringsdokumentet).

Ny ordning for Den norske kyrkje skal bidra til:

- at kyrkja kan utføra sitt oppdrag i ei ny tid
- at dei døypte kjenner glede ved å høyre til i kyrkja

Den nye ordninga skal sikre:

- god kyrkjeleg bemanning og teneste over heile landet
- god ressursutnytting - meir kyrkje for pengane

Ordninga skal bidra til å gi kyrkja sine frivillige medarbeidarar:

- glede og frimot i arbeidet
- tru på fellesskapet
- tru på egne ressursar

Ordninga skal bidra til å gi rådsmedlemmane:

- glede ved å delta
- reell innflytelse
- gode vedtaksgrunnlag
- god administrativ støtte i arbeidet

Ordninga skal bidra til å gi dei tilsette:

- glede i arbeidet
- tid til kjerneoppgåvene
- tydelege og føreseielege leiingsstrukturar

### **Høyrings spørsmål 1.**

*Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?*

Det er fleire spørsmål vidare i høyringa som ein må sjå i samanheng med dette spørsmålet. Særleg gjeld dette finansieringsordning og nivå for fellesorgan og bispedømetts rolle.

Fellesrådet har i tidlegare høyringssvar gitt tilbakemelding på sitt syn og ynskje om å ha ein struktur som er nær nok, samtidig robust nok til å sikre kompetanse og berekraftig forvaltning. Ein har gitt tilbakemelding på at ein ynskjer færre styringsnivå enn i dag, for å styrke den lokale kyrkjelyden. I tillegg har ein ytra ynskje om å ha eit felles arbeidsgjevaransvar for alle dei kyrkjeleg tilsette. Desse tilbakemeldingane betyr også ei endring i fordelinga av oppgåver og mynde mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Vi meiner difor at ein bør gå gjennom dagens soknegrenser, prostigrenser og bispedømegrenser.

Soknet må styrkast og få høveleg storleik for å leggja til rette for si kyrkjebyggjande oppgåve i kyrkjelydane. Ut frå vår ståstad er høveleg storleik på eit sokn ei geografisk oppdeling etter naturleg tilknytning pr. kyrkjebygg, men med lokale tilpassingar. Ein er skeptisk til oppretting av kyrkjelydsutval som ikkje er demokratisk valde.

Tilsvarande som sokna må prostiet få ein høveleg storleik for å leggja til rette for arbeidsgjevaransvaret, og bispedømet høveleg storleik som legg til rette for biskopen si tilsynsoppgåve.

Prostirådet (som erstattar dagens fellesråd) må ha daglege leiarar som er tilsette av prostirådet. Sett frå eit distrikts ståstad vil det ikkje vere naturleg med tilsette daglege leiarar for kvart lite sokn. Soknepresten vil likevel vere ein naturleg leiar for det teologiske arbeidet i eit sokn. Det vil vere viktig at den som skal vere dagleg leiar i eit prostiråd har både leiarkompetanse og kyrkjefagleg erfaring og forankring. Dette treng ikkje nødvendigvis vere ein prest.

Det regionale nivået/prostiet vil ein lett her sjå i forhold til prostia ein har i dag. Men meiner likevel at ein må vurdere å justere desse etter lokale forhold ut frå infrastruktur og interkommunalt samarbeid.

Eit slikt justert prostinivå/regionalt nivå må veljast mellom medlemmane i sokna, og opptre på sokna sine vegne.

Eit felles arbeidsgjevaransvar for dei kyrkjelege tilsette ser vi på som ein styrke sett ut frå samarbeid, men og ut frå utvikling. Det vil vere lettare å ordne opp i konfliktar som går på tvers av dagens arbeidsgjevarlinjer, det vil vere lettare å samordne aktiviteten, og dei tilsette vil møte ein felles arbeidsgjevarpolitikk innanfor same arbeidsstad. Arbeidsgjevaransvaret bør då liggje på eit justert prostinivå, for å vere robust nok til å sikre kompetanse og god forvaltning av personalressursane.

Prosten meiner derimot at det framleis bør vere to arbeidsgjevarlinjer, der prestane og eventuelt tilsette i vigsla stillingar vert tilsett av bispedømet med prosten som utøvande arbeidsgjevar. Men at ein då har tydelege reglar for samhandling mellom dagleg leiar og prost.

### **Høyrings spørsmål 2:**

*Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?*

Ja. Dette fordi vi trur at den lokale kommune må ansvarleggjerast økonomisk for sine lokale kyrkjebygg og eigedomar og kyrkjeleg aktivitet. Dette også for å bevare lokal påverknad og medverknad i det som skjer.

Det vil også bidra til å sikre ein nær relasjon mellom kommunen og den lokale kyrkja, og byggje møteplassar/arenaer for samhandling og nærleik til lokalsamfunnet. Samtidig er det viktig at ein del av midlane kjem sentralt ifrå, for å sikre ei lik grunnfinansiering og styring frå kyrkja sine øvste organ.

### **Høyrings spørsmål 3:**

*Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.*

Dersom dagens finansieringsordning fell bort vil vi gå inn for ein kombinasjonsløysing av offentleg finansiering og ei ordning med livssynsavgift. Dette for å sikre ei grunnfinansiering for den lokale kyrkja, samtidig som ei ordning med livssynsavgift vil bli kravd opp over skattesetelen og betalt av alle uansett tru. Dette fordi vi trur då at det vil følast mest rettferdig for alle borgarar, då alle vil bli kravt likt og der avgifta for personar som ikkje er medlemar i noko trus- eller livssynssamfunn blir overført til humanitært eller allmennyttig formål.

Som også nemnt i vårt svar på høyringa «Staten og Den norske kyrkje – et tydelig skille», etterspør me ein sterkare presisering i lovteksten om kva som skal vere statens og kommunane sitt økonomiske ansvar overfor Dnk. Det gir oss ei bekymring for at staten vil redusere sin resursinnsats i kyrkja at det ved fleire høve og høyringar vert vist til moglegheiter for effektivisering og auka medlemsfinansiering. Det gir grunn til uro dersom regjeringa vil bruke auka sjølvstende for kyrkja som grunn for kutt i det økonomiske tilskotet. Dette kan også oppfattast som signal på at staten ikkje har interesse av å oppretthalde ei landsdekkjande kyrkje. Fellestrådet vil presisere at tryggheita for det vidare arbeidet i Dnk er forutsigbar økonomi, og tryggleik for at staten også framover vil ta ansvar for dei plikter dei tidlegare har forplikta seg på, t.d. gjennom trusopplæringsreforma.

#### **Høyringsspørsmål 4:**

*Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?*

Vi meiner at Dnk bør ha fylgjande folkevalde organ: sokneråd og bispedømeråd. Prostirådet vert så sett saman av representantar frå sokneråda, og Kyrkjemote vert sett saman av bispedømeråda. Av det fylgjer at Dnk vert delt inn i sokn, prosti og bispedøme.

Ein reknar med at den framtidige finansieringa av kyrkja vil medføre krav til innsparing og foreinkling. Ut frå dette må ein forvente at råmene blir stramme, og ein må prioritere hardt kvar midlane skal gå. Dersom ein ser føre seg at arbeidsgjevaransvaret for alle kyrkjeleg tilsette blir lagt til bispedøme, fryktar ein at finansieringa av den lokale kyrkja blir ytterlegare svekka. Dette fordi ein fryktar at dei kommunale midlane til drift av kyrkjene vil bli vanskelegare å få prioritet for i det kommunale systemet – sidan midlane då blir «sendt langt bort» til eit overordna organ på bispedømenivå. Ein fryktar ein då ikkje vil kjenne den same ansvarskjensla og tilhøyrigheita økonomisk sett for si lokale kyrkje.

Sjå også utdjujing av dette i vårt svar til høyringsspørsmål 1.

#### **Høyringsspørsmål 5:**

*Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneindeling i en fremtidig kirkeordning?*

Det er ein realitet at storleiken på sokna i dag er veldig ulik, og varierer frå under 100 medlemar til mange tusen. Me meiner likevel at det kan vere vanskeleg å leggje opp til felles standard på kva som skal vere hensiktsmessig storleik på eit sokn. Det vil vere behov for å leggje til rette for det som er hensiktsmessig lokalt, både sett ut frå geografi, kommunikasjon, kyrkjer/forsamlingsbygg, lønna personale m.m.

Som vi svara på spørsmål 1 tenkjer vi at det er soknet som skal vere den viktigaste eininga også i ei framtidig kyrkjeordning. Sett frå vår ståstad vil det vere naturleg med ei sokneindeling pr. kyrkje, men der ein lokalt får tilpassa dette ut frå geografi og naturleg tilknytning pr. kyrkje. Det bør også her vere rom for lokale tilpassingar.

Er det ynskje frå dei lokale sokna om å slå seg saman bør det vere rom for det, samtidig som ein ser føre seg at ei samanslåing utan at ein lokalt ynskjer det vanskeleg vil kunne skape engasjement for vidare kyrkjeleg arbeid.

For store sokn med fleire tusen medlemar kan kanskje behovet for å dele opp vere til stades. Vi meiner likevel at lokale forhold og lokale ynskje også her bør bli tatt på alvor.

#### **Høyringsspørsmål 6:**

*Bor ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellestråd) videreføres?*

#### **Høyringsspørsmål 7:**

*Viss ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for fleire sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, for eksempel prostinivå eller bispedømmenivå)?*

Ja, vi meiner at Dnk bør ha ei ordning med to organ for soknet. Vi tenkjer då på sokneråd og prostiråd. Prostirådet vil då erstatte noverande fellestråd.

Ein kan gjerne også då sjå på ei justering av notidas prostigrenser i denne samanhengen. Sjå også vårt svar på høyringsspørsmål 1 og 4.

#### **Høyringsspørsmål 8:**

*Viss ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellestråd?*

I hovudsak ser vi ikkje grunn for at oppgåvefordelinga mellom sokneråd og fellestråd bør endrast vesentleg. Samtidig ser ein eit aukande behov for lønna tilsette/sekretærhjelp som støtte inn imot sokneråda sitt arbeid, då det har vorte eit auka planarbeid og papirarbeid på desse. Mange av dei minste sokneråda har eit stort engasjement for det lokale arbeidet, og for at dei skal få behalde dette engasjementet bør dei også behalde eit reelt mynde.

**Høyringspørsmål 9:**

*Bor all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?*

**Høyringspørsmål 10:**

*Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?*

Ja, fellesrådet støttar her fleirtalet i Kyrkjerådet på at all verksemd i soknet bør bli inkludert i styrings- og leiingsansvaret for soknet sine organ. Det bør etablerast ordningar for dagleg leiing som også inkluderer prestenesta, og der ein får eit felles arbeidsgjevaransvar for alle dei kyrkjeleg tilsette. Dersom prestenesta vert inkludert i soknet sitt ansvar, meiner ein at presten kan, men ikkje må, få rolla som dagleg leiar i ei framtidig kyrkjeordning. Det er viktigare at den personen som skal ha det daglege leiaransvaret er kvalifisert for stillinga gjennom både leiarkompetanse og kyrkjefagleg erfaring og forankring, - enn at han/ho nødvendigvis skal vere ein prest. Det bør vere tilsetjing i denne stillinga ut frå kompetanse og erfaring. Prosten meiner elles at ein bør halde fram med to arbeidsgjevarlinjer. Sjå også her svar under høyringspørsmål 1.

**Høyringspørsmål 11:**

*Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?*

**Høyringspørsmål 12:**

*Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?*

Fellesrådet meiner at ein bør vidareføre biskopen si uavhengige stilling i Dnk. Dette fordi det berre bør vere Kyrkjemøtet som normalt skal kunne pålegge biskopane oppgåver og leggje mynde til dei. Fellesrådet meiner også at biskopen sin tilsynsfunksjon bør utviklast og tydeleggjerast både overfor prestar og andre vigsla stillingar. Dette bør gjerast utan at biskopen har arbeidsgjevarfunksjonar. Det kan også verke som forskjellsbehandling at biskopen skal vere arbeidsgjevar for prestane med ikkje for tilsette i andre vigsla stillingar. Dersom biskopen skal vere arbeidsgjevar for alle dei kyrkjelege stillingane, vil avstanden mellom små lokale kyrkjelege stillingar og ein arbeidsgjevar på bispedømenivå etter vår meining vere for stor. Det er også ei kjennsgjerning at der arbeidsgjevaransvaret ligg – der ligg også økonomien, og vi stiller oss skeptisk til at kommunane vil kjenne på det same økonomiske ansvaret dersom ansvaret vert lagt på bispedømenivå. Ved å leggje arbeidsgjevaransvaret på eit justert prostnivå vil ein få eit nivå som vil vere nærmare arbeidstakaren, samtidig som det vil vere sterkt nok til å sikre kompetanse, berekraftig forvaltning og eit arbeidsmiljø med fleire tilsette i alle/dei fleste kyrkjelege stillingstypene. Det vil slik også sikre stabiliteten betre t.d. i samband med vakansar, sjukmeldingar og anna fråvær i stillingane. Prosten ynskjer ei ordning med framhald av to arbeidsgjevarlinjer. Sjå også her svar på andre høyringspørsmål.

**Høyringspørsmål 13:**

*Hvordan bør utpeiking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?*

Fellesrådet meiner at det ikkje bør vere ei «utpeiking» i det heile. Bispestillingane bør lysast ut og tilsetjast i etter dei same prosedyrane som for andre stillingar. Det bør her som for andre stillingar i arbeidslivet vere kvalifikasjonar og kompetanse som skal vere avgjerande for om ein får stillinga eller ikkje. Leiareigenskapar, leiarkompetanse og kyrkjefagleg erfaring og kompetanse bør vere avgjerande, og tilsetjing bør skje i eit tilsettingsorgan og ikkje ved ei rein valordning.

**Høyringspørsmål 14:**

*Bor bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?*

**Høyringspørsmål 15:**

*Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?*

Kyrkjemøtet har sjølv sagt (KM 8/05) at ei framtidig kyrkjeordning bør ha berre tre forvaltningsnivå med demokratisk valde organ. Ut frå det meiner fellesrådet at ein bør behalde sokneråd, prostiråd og kyrkjemøtet som folkevalde organ.

Vi ser likevel at biskopen vil trenge eit sekretariat/ein administrasjon kring seg, samt eit rådgjevande organ. Vi ser det som naturleg at ein ut frå dette i tillegg beheld bispedømmerådet. Oppgåver som kan liggje på denne administrasjonen og det rådgjevande organet/bispedømmerådet kan t.d. vere strategisk arbeid i bispedøme, fagleg utvikling innan diakoni, gudstenesteliv og undervising, drøfting av saker som skal til Kyrkjemøtet og oppfølging av saker frå Kyrkjemøtet.

**Høyringspørsmål 16:**

*Bør alle ansatte ha den same arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?*

Ja, fellesrådet støttar eit felles arbeidsgjevaransvar for alle dei kyrkjeleg tilsette, og der arbeidsgjevaransvaret ligg på eit justert prostinivå. Eit felles arbeidsgjevaransvar for dei kyrkjeleg tilsette ser vi på som ein styrke sett ut frå samarbeid, men og ut fra utvikling. Det vil vere lettare å ordne opp i konflikhtar som går på tvers av dei arbeidsgjevarlinjene ein har i dag, det vil vere lettare å samordne aktiviteten, og dei tilsette vil møte ein felles arbeidsgjevarpolitikk innanfor same arbeidsstad. Dersom arbeidsgjevaransvaret vert lagt på eit justert prostinivå, vil det vere robust nok til å sikre kompetanse og god forvaltning av personalressursane. Viser her også til svar på andre høyringspørsmål som har samanheng med dette, mellom anna spørsmål 9, 10 og 12.

Viser her også til at prosten ynskjer at ein vidare beheld to arbeidsgjevarlinjer, der prestane og eventuelt tilsette i vigsla stillingar vert tilsett av bispedome med prosten som utovande arbeidsgjevar.

**Høyringspørsmål 17:**

*I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne samanheng som et organ).*

Arbeidsgjevaransvaret bør liggje samla ein stad, men der biskopen får innflytelse ved tilsetting av prestar og i andre vigsla stillingar.

Viser her også til at prosten ynskjer at ein vidare beheld to arbeidsgjevarlinjer, der prestane og eventuelt tilsette i vigsla stillingar vert tilsett av bispedome med prosten som utovande arbeidsgjevar.

**Høyringspørsmål 18:**

*I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?*

Det bør vere ei grunnordning for organisering av arbeidsgjevaransvaret i kyrkja, samtidig kan ein sjå at det kan bli eit behov for å prøve ut ulike organiseringar i framtida. Ein vil difor tilrå at det skal vere mogleg å få prøve ut ulike forsøksordningar, t.d. tilsvarande ordningane ein har hatt i dag med forsøk med felles fellestråd for fleire kommunar.

**Høyringspørsmål 19:**

*Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatjenesten og andre viglede tjenester?*

Prestetenesta og tenesta for dei andre vigsla stillingane trur me alltid vil ha sin særneigne plass i ei kyrkje. Det utovande arbeidet mot kyrkjelyden skal og bør alltid vere det viktigaste for ei kyrkje. Misjonsbodet frå Jesus var å gjere «alle folk til læresveinar, døype dei til namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande, og lære dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar, så lenge verda står».

Med ein god biskop som har fått tydeleggjort og godt utvikla tilsynsfunksjonen sin, bør mykje liggje til rette for dette.

Med ei vidareføring av dagens ordning der presten har ein eigen plass både i sokneråd og i fellestråd, vil også deira medbestemming og innflytelse vere oppretthalden.

**Høyringspørsmål 20:**

*Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?*

**Høyringspørsmål 21:**

*Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?*

Fellessrådet meiner at Kyrkjemøtet bør setjast saman slik som i dag. Vi føler det er viktig at alle bispedomer er representert i rådet, dette for å sikre ei brei samansetjing av rådet og for å sikre at alle delar av landet vert representert. Den norske kyrkja skal vere for heile landet, og difor også landsdekkande. Det er difor også viktig at heile landet blir representert i Dnk sitt øvste organ.

**Høyringspørsmål 22:**

*Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?*

Fellessrådet støttar Kyrkjerådet i at Bispemøtet framleis bør vere eit sentralt organ med ansvar for å samordne oppgåvene som dei enkelte biskopane har, og å ivareta heilheits-kyrkjelege spørsmål. Bispemøtet sine uttalelsar bør også bli lagt særleg vekt på i Kyrkjerådet si behandling av saker, og fylgje saka til Kyrkjemøtet.

**Høyringspørsmål 23:**

*Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?*

For at biskopane si sjølvstendige rolle skal bli ivaretekne, bør preses ha rolla å ivareta arbeidsgjevarfunksjonane for dei øvrige biskopane. Preses får slik ei rolle som nærmaste overordna for dei andre biskopane, og får slik rett til å gi instruksar og ha arbeidsgjevarfunksjonar.

**Høyringspørsmål 24:**

*Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?*

Som med Kyrkjemøtet bør Kyrkjerådet også bli sett saman slik at heile landet vil vere representert. For å ivareta den geografiske spreinga støttar fellesrådet fleirtalet i kyrkjerådet i at kvart bispedøme skal ha minst ein representant i Kyrkjerådet.

**Høyringspørsmål 25:**

*Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?*

Fellesrådet støttar fleirtalet i Kyrkjerådet på at dei oppgåvene som lærenemnda har i dag, i framtida bør bli ivaretekne av Bispemøtet.

**Høyringspørsmål 26:**

*Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?*

Fellesrådet støttar Kyrkjerådet i at samisk kyrkjeråd bør bli verande som eit råd under Kyrkjemøtet, og der medlemmane blir oppnemnt som i dag.

**Høyringspørsmål 27:**

*Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?*

Ungdomen er ein sær s viktig del av Dnk og som i politikken på fylkesplan og kommuneplan har ungdomen hatt egne utval og møter. Ein ser difor det difor som viktig at ungdomsdemokratiet også i kyrkja vert ivareteken på same måten. Fellesrådet støttar difor at det kyrkjelege ungdomsdemokratiet vert regelfesta som ein del av kyrkjeordninga som vert vedteken av Kyrkjemøtet. Funksjonane til ungdommen sit kyrkjemøte bør vidareforast som i dag.

Til slutt vil vi peike på den nære samanhengen mellom organisering av kyrkja og kommunestrukturen i landet. Vi veit at kommunestrukturen er i endring, og at det truleg vil bli samanslåingar og endringar av kommunegrensar dei komande åra. Korleis kommune-Noreg vel å organisere seg vil også få stor innverknad på korleis kyrkja skal organisere seg. Vi vil difor be om at ein tek dette med i det vidare arbeidet med ny kyrkjeordning, og gjerne avventar noko progresjonen i arbeidet for å sjå utvikinga i kommunestrukturen.

For Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd



Jorunn Merete Haukås-Eide  
kyrkjeverje i Sogndal og Leikanger